



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/8946-1

## **Møtedatoar 2018 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Møteplan vert vedteken slik den ligg føre:

- 8. februar
- 18. april
- 8. juni
- 13. september
- 15. november

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Det er ynskjeleg at møteaktiviteten held fram tilsvarende som i 2017. Det vert planlagt og datofesta fem møter i 2018. I tillegg kan det kome ekstra møte etter behov, samt at rådet får aktivitetar i samband med kurs og konferansar.

### **2. Bakgrunn for saka**

Budsjettramma for rådet sine aktivitetar er avgrensa. Reglementet for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane vart vedteke av fylkestinget i sak nr. 36/07, med heimel i § 1 Lov av 17.06.07 om råd og anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Reglementet vart revidert i fylkestinget, sak 18/15.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

I samsvar med reglementet held rådet møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemene ber om det. Dei planlagde møta skal så langt som råd vere tilpassa slik at saksdokument vert lagt fram i god tid før fylkestinget skal handsame sakene. I dei tilfelle sakene skal avgjerast i fylkesutvalet, hovudutvala, styre eller råd, må rådet ha saksdokumenta til handsaming før vedkommande organ handsamar saka. Målsetjinga er at rådet si fråsegn skal vere kjend ved handsaminga i hovudutvalet.

#### **4. Konklusjon**

Aktivitetar i samband med kurs og konferansar må vurderast opp mot budsjettetramma for 2017. Det er tilrådeleg å legge møta kvartalsvis gjennom året og på tidspunkt der det vert mogleg å komme med innspel til relevante politiske avgjerder.